



Statens vegvesen Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/445 - 19/5371

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:  
07.03.2019

## Høring - GBNR 47/12 - Søknad om dispensasjon frå LNF-føremål - Rossland

Tiltak: Frådeling  
Byggjestad: Gbnr. 47/12 Rossland – Meland kommune  
Tiltakshavar: Jan Olav Bratshaug og Inger Mette Bratshaug

### Saka gjeld:


Administrasjonen viser til søknad om løyve til frådeling av tomt på om lag 2800 m<sup>2</sup> på gbnr. 47/12, journalført motteke 13.02.2019, søknad komplett 04.03.2019.

Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Meland kommune pkt. 3.1 LNF, jf plan- og bygningslova §§ 11-6 og 19-2, for frådeling av parsell med påståande bustad på gbnr. 47/12 på Rossland i Meland kommune.

### Planstatus:

Eigedomen gbnr. 47/12 er uregulert og ligg i område avsett til LNF-føremål ifølgje kommuneplanen sin arealdel (KPA). Kommuneplanen opnar ikkje for frådeling av tomter som ligg som landbrukseigedomar og på dyrka mark, då dette er i strid med LNF-formålet i KPA, og det krevjast difor dispensasjon.

På eigedomen ligg det eit bustadhus(øvst på kartet) og eit våningshus. På bilde ein er eit utsnitt av tomta med alle bygningar, bilde to er gardskart og bilde tre er bilde av omsøkt frådeling.



#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dispensasjon krev grunngitt søknad, jf pbl § 19-2, og skal sendast på høyring. Deling av landbrukseigedom krev òg samtykke etter jordlova § 12.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshavar søkt om dispensasjon for frådeling av parsell med påståande bustad i skriv datert 21.02.2019, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt frå. Det følgjer av pbl § 1-1 at: «Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar».

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen der vert dispensert frå , eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå love skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Det skal og leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativ om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Vestland, Hordaland Fylkeskommune og statens vegvesen før det vert gjort vedtak i saka.

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon

Søknad om oppretting av grunneigedom GBNR 47/12

Kart

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER